

# No er Lisbeth blitt doktor på havstraum

**Lisbeth Håvik har alltid vore interessert i vêret. Fredag disputerte ho for ph.d. i oseanografi.**

**Marianne Solheim Rotihaug**

– Eg har på ingen måte visst at det var dette eg ville drive med. På skulen var eg svært glad i matematikk og fysikk, så eg ville fortsette med det på studiet, forklarar 31-åringen, som bur på Frekhaug.

## – Spannande

Oseanografi er ei anvendt form for fysikk som ein kan relatere til havet.

– Dette synest eg er svært spennande. Å vekse opp i ein vêrinteressert familie har nok hjulpet på interessa, forklarar Håvik, som i løpet av tida på universitetet har vore med på tokt både til Arktis og Antarktis og fått eit breitt nettverk med mange internasjonale kollegaer.

## Studert straumen

Oppgåva som Håvik disputerte fredag heiter «The East Greenland Current system north of Denmark Strait».

Disputeringa er ei formell godkjenning av arbeidet.

– Doktorgrada mi handlar om autsgrønlandsstraumen. Det er denne straumen som fraktar det relativt varme vatnet som kjem til våre breiddegradar med forlenginga av Golfstraumen, tilbake sørover til Atlanterhavet, seier ho og legg til:

– Vi har studert korleis straumen varierer både i tid og rom, for å lære meir om korleis



Lisbet Håvik, som bur på Frekhaug, disputerte fredag for ph.d.-grada si i oseanografi fredag. Her frå sjøisen nord for Svalbard i april 2015. – Her har vi akkurat fått etablert camp og starta målingane av turbulens i havet under sjøisen, forklarar 31-åringen, som seier arbeidet har vore givande. – Eg er glad i å lære meg nye ting og det er nettopp det ei doktorgrad handlar om.

Foto: Privat

den storstilte sirkulasjonen i Atlanterhavet blir påverka av straumane mellom Norge og Grøn-

land, seier Håvik, som fortel at det har vore krevjande å ta doktorgrad, men at det med god rett-

leing og spennande arbeid har vore ei kjekk tid.

– Eg er glad i å lære meg nye ting og det er nettopp det ei doktorgrad handlar om. Derfor har eg trivst godt med arbeidet.

Håvik bur i dag på Frekhaug saman med sambuaren Patrik og dottera deira Johanna.

– Eg flytta til Bergen for å studere meteorologi og oseanografi i 2006, og fullførte mastergrad ved Universitetet i Bergen i 2011 innan fysisk oseanografi. I studietida var eg også eit halvår på Universitetssenteret som ligg på Svalbard.

Etter mastergraden arbeidde ho i nokre år i StormGeo før ho starta på doktorgrada i fysisk oseanografi i 2014.

– I løpet av doktorgrada var eg på utveksling til eit verdskjent oseanografisk institutt utanfor Boston frå hausten 2016 til mars 2017, fortel ho.

No er 31-åringen klar for nye utfordringar.

– Planen vidare er først å ha ein lang juleferie, før eg skal ta fatt på ny stilling som rådgjevar i sjøforsvaret etter nyttår.



Lisbeth Håvik var på forskingsskipet Lance i tre veker. Stort sett i temperaturar frå -10 til -20.

Foto: Privat

## SOLSKJERMING - UTEROM - GARASJEPORTER

Stort utvalg av garasjeportar



Besøk vårt showroom i Knarvik!  
Lyngveien 2, Knarvik

99 57 14 02

Vi har alltid gratis befaring!

bergen@scandic.no  
www.scandic.no

**SCANDIC**  
– et soleklart valg